

Retningslinjer for utgiftsdekning & påskjøning for frivillige i Indre Sunnfjord Turlag

DNT er ein frivillig medlemsbasert organisasjon. Indre Sunnfjord Turlag ynskjer å byggje ein dugnadskultur, der aktiviteten i laget skal vera tufta på frivillig, uløna arbeid.

Dugnadsarbeidet omfattar alt frå styrearbeid til praktisk kroppsarbeid, og organisasjonen nyttar gjerne medlemmane sin spesialkompetanse ved behov.

Motivasjonen består i å gjere ein innsats for eit meningsfullt formål i eit sosialt fellesskap. Påskjøning skal dekke den enkelte sine kostnader og vere ei positiv merksemd og takk for frivillig innsats til medlemmer i Indre Sunnfjord Turlag.

Vi har følgjande ordningar for deg som frivillig:

- **Dekking av utgifter**

- Du får køyregodtgjering etter statens skattefrie satsar; gjeld alle typar oppdrag. Bruk dette [“Utleggsskjema for frivillege”](#)
- Tillitsvalde som deltek på årsmøte (DNT SFJ/ DNT sentralt) ev andre møter i DNT-regi får dekkja reise og overnatting og ev møte-/kursavgift.
- Turleiar har gratis overnatting, kost og reise på overnattingsturar
- Josten på Langs er ein fleiredagarstur som krev mykje kompetanse, planlegging og slitasje på eige utstyr. Turleiarar vil bli kompensert med kr 5 000 for denne turen. Nattskitur vert kompensert kr 2000.

- **Kursstøtte**

- IST vil gje økonomisk støtte til relevante og prioriterte kurs for turleiarar, tillitsvalde og medlemmer, jf [“retningslinjer og satsar for kursstøtte”](#)

- **Instruktøroppdrag**

- Ved instruktøroppdrag vil ein kunne få utbetalt honorar etter anbefalte satsar i DNT. Desse retningslinjene ligg på foreningsnett. Gjeld NF-godkjende instruktørar, kurs i DNT sin turleiarstige, kurs i stirydding og merking, ev. andre nisjekurs.

- **Du blir invitert på arrangement for frivillige i IST.**

- Frivillig festmiddag, kurs, turleiarsamling, m.m.

- **Overnatting på hyttene til Indre Sunnfjord Turlag**

- Gratis kost og overnatting på hyttene i samband med tilsyn, dugnadsarbeid på hyttene eller dugnad på stinettverket til hyttene.
- Gratis overnatting for tillitsvalde, dagleg leiar og medlemmer som har gjort minst 15 timar frivillig arbeid siste år (gjeld påfølgjande år).
Be om rabattkode for reservasjon til indresunnfjord@dnt.no

- **Profilvarer**

- Du får årleg tilbod om DNT-klede frå m.a. Bergans og Devold til sterkt rabatterte prisar.
- Alltid 25% rabatt ved personleg bestilling i DNT butikken, be oss om rabattkode for frivillige.